

Årsrapport Hareid IL – turnlaget 2024

Vi har hatt stor og god aktivitet i heile 2024, men ein liten nedgong i totalt antall aktive. Mykje beror på at vi saman med andre grupper i idrettslaget klarar å sette opp treningstider som ikkje kolliderar på dagar og tider. Dette er utfordrande då det skal gå i hop med hallen sin totale aktivitet og kva tid trenarar kan stille.

Norlandia barnehage gir gode tilbakemeldingar på sin aktivitet i 2024 og trivast godt med tilbodet dei kan gi til borna i barnehagen.

Alle reklameskilt som skal opp i hallen er no på plass. I tillegg er premiehylle plassert i kafeområdet. Ein del avtalar må fornyast tidleg i 2025 i samarbeid med hovedstyret.

Vi har investert for vel 50 000,- i nytt utstyr i hallen i 2024. Hovedsakleg utstyr som dei minste kan bruke. Dette har vore kjærkomment.

Vi har gjennomført ei klubboppvisning og KM på våren 2024 og eit Spondlotteri før ferien. I tillegg har vi jobba dognad på brønnbåt-dåp for Intership.

Ei rekordstor gruppe på 108 gymnastar stilte på barneturnstemne i juni i Ekko/Aureosen sin regi. Ei flott helg for alle som deltok.

I august var landslaget for kvinner her nokre dagar med mykje trening, publikum på tribuna, bading i havsaunaen i sentrum, fjelltur på Håbakknotten og middag mm på gardstunet til Ragnhild Teigene og Joar Brekke. Ei fantastisk helg for landslaget og dei kjem tilbake i 2025! Det var også utført dognad av ein flott gjeng på Hareid Group arrangement ila første halvår i år.

På hausten har vi arrangert to større konkurransar; Norges Cup 3 og FIG. Arrangementa var særst vellykka og med erfaringar frå året før så vart det også større økonomisk gevinst ut av dognadsinnsatsen.

I desember arrangerte vi vår første interne klubbkonkurranse og den blei godt mottatt. Mykje publikum og alt blei arrangert som om det skulle vere ei vanleg konkurranse. Svært viktig læring og erfaring for gymnastane! Dette bør gjerast med jamne mellomrom

Juleoppvisninga i år vart arrangert over to dagar og alle fire puljene hadde mykje fint å vise fram. Bygdafolket kjem gjerne på slike korte, effektive og kjekke samlingar og god inntening blir det slike helgar.

Vi har hatt noko fråfall av trenarar i 2024, dette har gitt auka arbeid for dei andre og vi treng fleire for å stette behovet vi har. Det positive her er at dei yngre konkurranseturnarane også no prøvar seg som trenarar og gjer ein flott innsats.

Vi har i år hatt gode sponsorinntekter på arrangementa våre gjennom avtaler med Intership, Island Offshore, Møre og Romsdal fylkeskommune og ikkje minst vår generalsponsor Sparebanken Møre. Tusen takk til dei.

Ei stor happening for oss i år var at Linn Urke gjekk til topps i Gymnastic Awards sin kåring av årets eldsjelp! Den er så velfortent så det kan bli. Vi er svært takknemlige for den innsats Linn har gitt over mange år og utan stans.

Vi har vore heldige og fått tildelt pengar frå Gjensidige Stiftelsen til investeringar i 2025.

Straumprisar har heilt til desember i år vore unormalt lave og det gir betre resultat for turngruppa enn rekna med.

Styret har hatt 10 styremøter samt nokre enkelt møter knytt til arrangement vi har gjennomført. Vi har behandla 45 saker.

Trenarane gjer ein svært god og viktig jobb i klubben og er vår viktigaste ressurs. Vi har fleire trenarar som har Trenar 1 kurs, og fleire er på veg dit. Vi har også fleire trenarar som har gjennomført dommarutdanning og vi kan skilte med å kunne stille både nasjonale dommarar og kretsdommarar frå klubben vår.

Styret har vore aktivt gjennom heile året og arrangementsnemnda har stått på og levert formidabelt.

Vil trekke fram særskilt den innsats Linn Urke, Vidar Fosse, Trude Liavåg, Ingvil Øyehol, Eldrid Emdal Fure, Vibeke Brune Slettebakk og Alice Strømmegjerde har lagt ned. Den har vore ekstraordinær dette året.

Styret ynskjer også å takke av leiar dei siste to åra, Berte Holstad Engen. Mykje administrativt arbeid har vore lagt ned i lag med alle andre som stiller på dugnad for turngruppa

Styret ynskjer å takke for all innsats i 2024 – den har vore formidabel!